

# Kyrkjetonar



Alltid har jeg Herren framfor meg.  
Han er ved min høyre side,  
jeg skal aldri vakle.

Derfor gleder mitt hjerte seg,  
og mitt innerste jubler,  
selv kroppen kan slå seg til ro.

Du overgir ikke min sjel til dødsriket,  
du lar ikke din trofaste tjener se  
graven.

Du lærer meg livets vei,  
hos deg er glede i overflod,  
fryd uten ende ved din høyre hånd.

Salme 10, 8-10

Framsidebiletet:  
"Klarer me å opna Pinjataen?"  
Frå Pinsefestival i Nedstrand  
prestegard. Les meir på side 4 og 5.  
foto: Inger Johanne Silgjerd Monstad

## Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær,  
Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni,  
september og desember  
Redaktør: Ståle Hustoft,  
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.  
Mobiltelefon 900 26 142,  
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Marie Vågshaug, Steinar Høyvik,  
Ingrid Hustoft Landro og Liv Jorunn Frønsdal


Post til redaksjonen kan også sendast:  
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal,  
telefon: 476 41 868

Girokonto: 1506.82.22874

VIPPS-nummer: 523083

Frivillig kontingent: kr. 200,-

Grafisk utforming: Ståle Hustoft



## Frivillig bladkontingent 2023

Me vonar at du set pris på å få Kyrkjetonar i postkassen med jamne mellomrom. Ein stor del av finansieringa av drifta kjem frå frivillig kontingent og gaver.

Den frivillige bladkontingenen er kr. 200,- men det er høve til å betala eit større beløp. Dette vert då ført som gave i rekneskapen.

Abonentar utanfor Tysvær og Bokn som ynskjer å få bladet tilsendt, må i tillegg til å betala kontingenen, gi beskjed til kyrkjekontoret slik at dei kan skrivast opp på utsendingslista.

**Du kan betala til kontonummer 3240.17.27697  
eller VIPPS-nummer 523083**

Ei stor takk til deg som bidreg til drifta av Kyrkjetonar!

Ståle Hustoft  
Redaksjonen avslutta 1. juni

### Betal til kontonummer

**3240.17.27697**

merk betalinga "Kontingent Kyrkjetonar"



### Her kan du betale med Vipps

**523083**

Vipps-nummer

Har du lyst å støtte arbeidet med  
Kyrkjetonar så kan du gi ei gave eller  
betala den frivillige kontingenen til  
VIPPS-nummer 523083

**Kyrkja i Tysvær og Bokn**  
**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og**  
**Nedstrand sokn**

**Telefon:** 476 41 868  
**Internett:** [www.tysvaerkirken.no](http://www.tysvaerkirken.no)  
**E-post:** [kirkja@tysver.kommune.no](mailto:kirkja@tysver.kommune.no)

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær  
og Førresfjorden sokn**  
åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og  
fredag, kl. 10 - 14

**Sokneprest Tysvær sokn og Bokn sokn**  
Tor Egil Eriksen  
Mobiltelefon: 404 00 686

**Sokneprest Nedstrand sokn**  
Dag Tormod Milje  
Mobiltelefon: 934 15 401

**Sokneprest Førresfjorden sokn**  
Gjermund Lygre  
Mobiltelefon: 934 93 520

**Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre**

**Diakon Synnøve Svensson Haakonseth**

**Ungdomsdiakon Lisbeth Skilhagen Haaheim**

**Menighetspedagog Hjørdis Kristina Støle**

**Kyrkjelydsmedarbeider Janne I. Eide**

**Menighetspedagog Kari Undheim**

**Organistar**  
Johannes Støle  
Bergfrid Seibt

**Kyrkjeeverje**  
Tysvær kommune: Ottar Krakk  
Mobiltelefon: 932 16 644  
Bokn kommune: Jan Magne Moi  
Mobiltelefon: 913 59 668

**Administrasjonssekretær**  
Gunn Elisabeth H. Ertenstein  
Katrine Eide (permisjon)

**Kyrkjetonarar**  
Odd Grønnestad: 900 71 868  
Gunn Elisabeth H. Ertenstein: 976 18 216  
Eva Keller: 936 75 972  
Einar Selvåg

## Takk, Jan Magne!

av Marie Vågshaug/Jan Magne Moi

Kyrkjeeverja Jan Magne Moi,  
sluttar etter å ha nådd  
pensjonsalder.

### Kor lenge har du vore i tenesta?

Når eg går av med pensjon 1.  
august, har eg vore i akkurat 10 år.  
Det har vore spanande å kome til  
ein ny jobb. Eg kjente jo til mange  
boknarar før eg begynte, så det  
gjorde det litt lettare å begynne.

### Korleis har det vore?

Det har vore fantastisk å ha kontor  
i kommune-administrasjonen. Eg  
følte meg veldig godt motteken.  
Rådmann, Jan Erik Nygård, var  
oppatt av at eg skulle finne meg  
til rette og hadde ei ordning med  
jamlege møter med han og  
teknisk etat der eg kunne ta opp  
ting eg lurt på. Det gav veldig  
trygghet.

I tida som kyrkjeeverje har det vore  
fleire sokneråd. Det er kjekt å sjå  
engasjementet for kyrkja. Alle er  
opptekne av det beste for kyrkja.

I 2014 fekk me trykt den vesle  
boka «Kyrkja mi». Soknerådet var  
enige om å spørje om sponsing  
til prosjektet. Me fekk faktisk alt  
dekk. Det var fantastisk. No får  
alle boknarar boka når dei fyller  
3 år. Dei får den saman med ein  
Undretur i kyrkja der ein finn att  
det som det er bilet av i boka.

### Kva store ting har skjedd i kyrkja?

Den største saka var nok  
«Universell utforming». Det vart  
vedteke å ta ut to kyrkjebenkar  
bak i kyrkja for å leggje til rette  
for rullestolar og eventuelt barnevogner.  
Golvet i midtgangen måtte  
hevast og heile golvet i skip og  
våpenhus måtte målast. Det kom  
også sti rundt kyrkja fram til  
toalettbygget som også vart  
ombygd med eit HC-toalett.

Elles er heile kyrkja blitt måla. Inne  
er søyler og vindauge måla samt  
iset ekstra vindauge til isolasjon  
av vindauge i kyrkjeskipet.  
Kyrkjegarden har fått «Namna  
minnelund» for urner. Her kan ein  
setje ned urner, men ha namn mm  
på ein felles gravstein. Me ser at  
dette er blitt meir og meir  
etterspurt på Haugalandet.



Eg må heller ikkje gløyme  
parkeringsplassen. Det var jo  
uråd å parkere. Med ny stor  
parkeringsplass, vart det mogeleg  
å parkere også under store  
gravferder eller andre arrangement  
som samla mykje folk.

### Er det noko anna du vil trekkje fram?

Frå før eg begynte, hadde Svanhild  
Alvestad samarbeida med Tysvær  
kyrkjeleg fellesråd for å få ei felles  
satsing for barn og unge. Det  
resulterte i prosjektet «Kyrkjebarnet».  
Det har vore til stor glede. På den  
måten er det tilrettelagt eit opplegg  
for alle årskulla. Men det trufaste  
arbeidet i speidargruppa, står det  
stor respekt av. Det er aktivitet  
som går over heile året.

Mottoet for kommunen er «Kjekt i  
Bokn». Det kan eg skrive under på.  
Når me feira 175års-jubileum i fjor  
haust, stilte revyen opp med «da  
capo» på sketsjen dei hadde når  
Arne Aurdal slutta. Kjempekjekt!

Me er heldige som har ein god  
arbeidsstab der både prest,  
organist og kateket er felles med  
Tysvær. Odd Grønnestad har vore  
kyrkjetenar sidan 80 talet. Det  
vitnar om truskap og er ei  
fantastisk styrke for tilsette og  
bygdafolk. Takk til sokneråd og alle  
som gjer ein innsats for kyrkja og  
for fellesskapet. Eg har hatt mykje  
glede av å vere i Bokn desse åra.

**Då vil me frå Bokn takke for  
tenesta og ønskje deg lukke til  
som pensjonist.**

# Pinsefestival på Nedstrand

tekst Bjørg Rørtveit


Søndag 28.mai blei ein pinsedag utanom det vanlege på Nedstrand.

Det første hintet om at noko var i gjære fekk me allereide før 17.mai, då ei kvit due med "flammar" frå vengjene dukka opp, svevande utfør kyrkjeveggen.

Due og flamar,- viktige symbol for pinse,- og det samme vart dei for pinsefeiringa,- som kl 11 starta med fin gudsteneste med barnedåp og talande eksperiment med Sigbjørn Pedersen- eller Zigmania- frå Søndagskolen Norge. Han liker ekstra godt alt som kan eksplodere eller fyke opp i lufta, og fletta elegant inn bodskapen om den heilage ande i si formidling, der flammetriks og grensesprenganede eksperiment var viktige element,- til glede for store og små barn!

Etter gudstenesta var det klart for hagefest i den vakre Prestegarden for alle som hadde lyst. Og det hadde godt over 100 personar! Her vart ein møtt av fin musikk ved Daniel Dossev og Heidi Fredriksen, - her var ope galleri med produkt frå lokale kunstnarar,- og nokon afrikanske.

I garasjen kunne ein sjå historiske foto av Prestegarden, som tidlegare låg nokre hundre meter lenger aust,- men som for ca 100 år sidan vart flytta til sin noverande plassering rett over vegen for kyrkja.



Sigbjørn Zigmania Pedersen frå Søndagskolen Norge hadde eit show med alt frå flamar og trylling til fysikk-triks. Alt knytta saman med ein raud tråd frå eldtungene me les om i Bibelen at sette seg på hovudet til læresveinane (bilete til venstre). Heile showet vart avslutta med eit smell, då hundervis av ballar vart sprengt i lufta av flytande nitrogen. (bilete over) Foto: Ståle Hustoft

Historien til bygget og staden fekk me og fortalt i foredrag ved Dagfinn Silgjerd og Sissel Myskjå frå Nedstrand museum- og historielag. Zigmania hadde også her ei flott show med mange kule eksperiment i reine "Alle mot 1" stil.

Her var det med andre ord interessant og godt å vere for både små og store. Og eit flott salatbord, pølser på grillen, kakebord og is gjorde dagen perfekt!

Sola kikka fram, og sjølv om gradestokken ikkje viste så altfor høge tal, så sette det ingen som helst dempar på stemninga.

Til slutt i hagefesten kunne barna siå på ein flott pinjata laga i workshop med lokal ungdom, vakkert dekorert med symbol frå altertavla. Inni skjulte det seg godteri av ulikt slag,- og det hadde ingen noko imot å ta med seg på heimvegen.



Men festdagen var ikkje over med dette. Kl 18 var det tid for årets pinsekonsert i kyrkja,- ein tradisjon som starta for 10 år sidan, og berre har hatt pause i 2 pandemiår.

Denne gong var det Trine Rein og gitarist Olve Flakne som gleda oss med stor stemmeprakt og musicalitet. Rein markerer i år 30 år som artist, og beviste for alle at denne lange karrieren ikkje er utan grunn.

Når ei stemme og ein gitar kan fylle eit heilt kyrkjerom og verkeleg berøre over 200 personar, så er det kunst på høgt nivå. Trine utstalte trygghet, varme og profesjonalitet,- og skapte god kontakt med publikum, både musikalisk og verbalt.

Her fekk me servert både nye og eldre låtar,- og nokre coverversjonar. Sjøl dei som tenkte dei ikkje hadde særlig kontroll på Trine Rein sine låtar, nikka nok gjenkjennade til både "Just missed the train", "Stay with me baby" og "Torn".

Arrangørane Nedstrand kyrkjeforum og Nedstrand sokneråd er takknemlege for alle som støttar opp under arrangementa våre, og ikkje minst for all velvilje og hjelp frå "heila bygd". Når me løftar sammen får me det til!

Særleg takk til Nedstrandsbuen for god hjelp med mat, til Nedstrand museum- og historielag for flott foredrag,- og ikkje minst til Janne og Dag Tormod for raushet og opne dører til både hus og hage.



**Bilete oppe t.v:** Dagfinn Silgjerd og Sissel L. Myskjå fortel historia om Prestegarden. **Bilete oppe t.h:** Ein etter ein fekk ungane siå på ein pinjata laga saman med lokal ungdom. Foto: Ståle Hustoft **Bilete under:** Trine Rein og gitarist Olve Flakne berørte dei 200 tilhøyrerane i Nedstrand kyrkje. Foto: Kirsten A. Rolland



# KyrkjeNÆR

tekst og foto: medarbeidarane i KyrkjeNÆR



## 5. klassesettreff på Bokn og i Tysvær

15.februar var det 5.klassesettreff med fokus på Bibelen både i Bokn og i Tysvær sokn. 5.klassingane på biletet held på med å byggja «bibelbok-tårn» med klossar i rett rekkefølge.



Bilde til venstre: Glimt frå babysong for Tysvær og Bokn.  
Bilde nede til venstre: Dåpskule på Førland  
Bilder under: Dåpskule Tysværåg



7.klassingane fra Tysvær og Bokn blei invitert til Ungdomsklubben på Soknehuset i Tysværåg 15.april. 38 av dei tok imot invitasjonen. Her er eit lite knippe av dei som kom denne kvelden.



## Supertorsdag på Tysvær soknehus

Denne våren har dei som har grupper for born i kyrkja og på Tysvær soknehus jobba saman om arrangementet «Supertorsdag.»

Ein gong i månaden inviterast det til samling på Soknehuset. Først er det middagsservering, deretter ei samling med bibelforteljing og eit par songar.

Etterpå kan folk velja om dei vil gå i spele- eller leikerommet, laga noko fint på hobbyrommet eller vera med på ein speidaraktivitet ute.

Alle avsluttar ute ved speidaren si bålpanne kl 18.00.

Bilete er frå Supertorsdag i mai, der Marit Mark hadde andakt.

tekst og foto: Marit Sofie Teistedal Vikre



## Chips og brus på kyrkjetrappa

Det er ein mangeårig tradisjon at konfirmantane får chips og brus på kyrkjetrappa til Tysvær kyrkje den dagen dei blir fotografert og over til Ung messe. Her ser vi årets konfirmantar på kyrkjetrappa.



## Musikk i sommarkvelden

av Bjørg Rørteit/Nedstrand kyrkjeforum, pressefoto av Solfrid Molland (M.Møller)

Også i år blir det Musikk i sommarkvelden i Nedstrand kyrkje. Dette er små konserter på inntil 1 time, der ein får senke skuldrene og nyte fin musikk her og nå, - samstundes som ein sit i eit rom og ein atmosfære av ånd, symboler og levd liv.

Mange syns dette er ein fin tradisjon, - og i år er det 4.året med slike sommarkonsertar. Arrangør er Nedstrand kyrkjeforum, og i det bladet går i trykken er 3 av 4 konsertar på plass.

Me ynskjer å spre oss i sjanger og uttrykk, og syns det er ekstra kjekt å bruke lokale krefter, eller nokon med lokal tilknytning. Det har me fått til i år.

**Dei som er på plass til nå er:**

**Onsdag 12. juli kl 20.00:  
Solfrid Molland**

Songar, pianist og komponist, med røtter i Tysvær, og kjent for mange gjennom ei lang karriere og fire album. Ho har ein djup kjærleik til europeisk musikkultur, frå viser, klassisk til folkemusikk. I tillegg syng ho eigne melodiar til tekstar om fred og eit grønt budskap frå fleire religiøse tradisjonar. Å stå side om side opp for jorda uavhengig av tru oglivssyn er budskapet.

Solfrid Molland har studert fem år ved Østlandets Musikkonservatorium, og har Storfag i musikk frå Universitetet i Oslo.

**Onsdag 19.juli kl 20:  
Hanna Veits og Torleif Torgersen.**  
Violinist Hanna Veits, er utdanna ved Griegakademiet. Ho er opprinnelig fra Luhansk i øst Ukraina, og kom til Norge for 5 år sidan. Ho underviser nå i Tysvær kulturskule. Torleif Torgersen er pianist, og professor på Griegakademiet i Bergen.

På denne konserten får du høye verker av Valentin Silvestrov som er rekna som Ukrainas fremste komponist.. Musikken er innadvendt, lågmælt og inderleg vakker. Konserten er tidlegare framført i Bergen domkyrkje.

**Onsdag 26.juli kl 20.  
Anne Tove Øvrebø og gitarist Jostein Marø**  
Øvrebø kjem frå Bokn, ho er særleg glad i songar med country/rootspreg. I denne siste sommarkonserten kan det bli mange kjente og kjære songar å ta med seg inn i sommarkvelden.

## Avsluting for Eva Birkeland

av Redaksjonen/Ståle Hustoft

Ved utgangen av april hadde Eva Birkeland sin siste arbeidsdag som kyrkjeverge i Tysvær. Frå 1. mai overtok Ottar Krakk kontorplassen i Aksdal.

18. april var dei tilsette og inviterte gjester samla i Aksdal kyrkje til ei markering.

Det vart både musikalske innslag, helsingar, quiz og kake. Ordførar i Tysvær, Sigmund Lier, helsa Eva med å peika på det gode samarbeidet som har vore mellom kommunen og kyrkja. Han takk også for at kyrkja har opna dørene for dei som treng eit måltid og fellesskap, og for at kyrkja, m.a. representert ved ungdomsdiakonen, er ein ressurs i nærmiljøet.

Eva har vore tydelig på at ho gleda seg til å få meir tid til å stella i hagen, noko som også var litt av årsaka til at skiftet av kyrkjeverge kom før sommaren - i starten av sesongen. Kanskje difor var blomsterhelsingane mange til den nyslattne pensjonisten.

Kyrkjetonar kjem attende med intervju med Eva Birkeland og Ottar Krakk i seinare nummer.



Velkommen til sommerfest for Simenklubben i Aksdal kyrkje 19.juni kl.16.00-18.00

Vi satser på bra vær slik at vi kan være ute, ellers går vi inn.

Ta gjerne med venner og familie.

Det blir grillmat, is, leker og sang.

Send påmelding innen 16.juni til: synnove.haakonseth@tysver.kommune.no eller sms 46528756

Hilsen Liv, Lisbeth og Synnøve

DEN NORSKE KIRKJA HEL

## Sommermusikk 28.juni

**Kl.12.00 i Aksdal kyrkje**

I forbindelse med sommeråpen kirke vil det bli sommerlig allsang, pianostykker og diktlesing med kantor Bergfrid Seibt og diacon Synnøve S. Haakonseth. Velkommen!

DEN NORSKE KIRKJA

## OPPSTARTSFEST

26. August 2023 kl. 12-14  
Kirkeparken v/ Norheim kirke  
(vi er ikke hvis dårlig vær)

Vi starter opp igjen med fellesfest for Lørdagskafer, Simenklubb, Klubb 83, Speider, HEL-kor, Seniorklubben og gode venner. Vi griller, spiller og synger sammen. Line Boe Johnsen og Kristin Eide fra ANIKO tar oss med på trosvandring.

Påmelding innen 18. august til Hilde tlf. 48215 979  
Vennligst gi beskjed om matallergier.

Inngangspenger kr 100,-  
Ledsagere gratis  
Grillmat, brus og kaffemølt inkluderes i inngangsprisen

HJERTELIG VELKOMMEN!

DEN NORSKE KIRKE Diakonifirken Rogaland HEL

## OPPSTARTSGUDSTJENESTE 27.AUGUST

kl.11.00 i Aksdal kyrkje

Sigbjørn Pedersen fra Søndagsskolen skal ha preken med overraskelsesmoment som er verdt å få med seg!!


Etter gudstjenesten blir det grilling, kaker og aktiviteter

Menigheten, sammen med organisasjoner, vil vise fram sitt program for høsten.  
Kom og bli med!

DEN NORSKE KIRKJA

## Nye, aktuelle bøker

Presentert av Bjørg Rørtveit



**Tittel:** Putins hellige krig  
**Forfatter:** Helge Simonnes  
**Verbum forlag, 2023**

Da Russland invaderte Ukraina 24. februar 2022, kalte Vladimir Putin det en krig mot et Vesten i åndelig og kulturelt forfall. Putins hellige krig ble straks applaudert av den mektige patriark Kirill i Den russisk-ortodokse kirke. Drømmen om å bringe Russland tilbake til gammel storhet preger Putins taler, og han spiller stadig på religiøse følelser. Men hvordan kunne en av verdens største kirkesamfunn la seg lede av denne retorikken? Hvordan kan Den russisk-ortodokse kirke velsigne en blodig angrepskrig?

I Putins hellige krig belyser Helge Simonnes hvordan Putin har klart å innynde seg hos Den russisk-ortodokse kirke. Det religiøse frieriet minner om taktikken til Donald Trump, Viktor Orban og flere andre politikere på det ytterste høyre verden over. I russisk sammenheng skriver imidlertid samspillet mellom tsar og patriark seg århunder tilbake i tid. Putin og Kirill har fornyet denne tradisjonen. De opplever å ha et gudegitt oppdrag om å bringe verden tilbake til Gud.




**Tittel:** Gjennom alt  
**Forfatter:** Camilla Olsson  
**Hermon forlag 2023**

Bak vakre fasader og smil er mange personer rammet av psykisk uhelse. De plages av panikkangst, depresjon, stress, uro, søvnproblemer og utmattelse. Og det er ikke bare folk utenfor kirkens verden som rammes. Hvordan er det å være kristen og kjempe med psykisk uhelse i et miljø der det finnes en forventning om at man skal leve et enkelt og problemfritt liv?

Camilla Olsson vet det. Hun fikk angstangfall som ung, nygift lærerstudent. Anfallene gjorde henne handlingslammet og fikk henne både til å unngå å være alene og til å unngå å vise seg ute blant folk. Den psykiske uhelsen preget hele tilværelsen, og håpløsheten var påtrengende.

Denne boken vil endre ditt bilde av hvordan det er å leve med angst. Bokens budskap er at det er mulig å finne mening og oppleve stor livskvalitet selv om sjelen kjemper. Camilla Olsson ønsker å bryte skammen og tausheten som finnes omkring det at kristne ledere og pastorer kan gå gjennom perioder med psykisk uhelse.



Åpent og ærlig, med mange historier og en god dose humor, oppfordrer hun leseren til å omfavne prosessene som livet iblant tvinger oss inn i, samt å våge å stole på at Gud er god og nådefull mot sine barn.

Camilla Olsson er pastor i menigheten Arken i Vänarmo. Dette er hennes debutbok.

**Tittel:** Tanker om Gud  
**Forfatter:** Joseph Sverker  
**Verbum forlag, 2023**

Har du noen gang lurt på om Gud blir glad eller lei seg når vi dør, om mennesker fra andre religioner kommer til himmelen, eller hvorfor Jesus døde og oppsto? Da er Tanker om Gud – en bok for nysgjerrige noe for deg. Alle kan ha spørsmål om tro, Jesus, livet, døden, Gud, dinosaurer, Big Bang, Bibelen og mye annet. Denne boken svarer på en måte som er lett å forstå.

I Tanker om Gud tar teologen Joseph Sverker for seg mange slike spørsmål. Han skriver mest til barn og unge i alderen 10-15 år, men også til alle andre som er nysgjerrige på hva kristen tro er.

# Konfirmantopplæring 2023-2024

Nå er tida inne for påmelding til konfirmasjon for neste år.

Det blir konfirmantopplæring i Førresfjorden, Straumen, Nedstrand, Bokn og Tysvær sokn. Nokre av kyrkjelydane har informasjonsmøte i mai/juni, andre sender brev og gir nærmere informasjon til hausten.

Dei kommande konfirmantane må fylle ut påmeldinga på kyrkja si nettside. Påmelding til tysvaerkirken.no frå ca 10.juni.

Konfirmantopplæringa er for alle som ynskjer det. Difor vil vi legge opp til tilpassa opplegg for dei som treng det. Ta kontakt om det er aktuelt! Vi legg til rette for dåp for ungdommar som ikkje er døypt. Oppstart av nytt konfirmantår blir i august/september.

Har du spørsmål kan du ringe kyrkjekontoret for nærmare opplysningar:  
Tlf: 476 41 868

**Velkommen til eit nytt konfirmantår!**

**Konfirmasjonsdatoar våren 2024:**

Bokn kyrkje: Søndag 5. mai  
Aksdal kyrkje: Laurdag 4. og søndag 5. mai  
Tysvær kyrkje: Laurdag 11. og søndag 12. mai  
Nedstrand kyrkje: Søndag 12. mai  
Skjoldstraumen kyrkje: Søndag 5. mai



Konfirmantane i prosesjon ut av Bokn Kyrkje.  
tekst: Marit Sofie Teistedal Vikre/foto: Jan Magne Moi

DEN NORSKE KYRKJA

## Åpen sommerkirke

Aksdal kyrkje har åpent hver onsdag kl.11.00-14.00 i hele sommer fra 28.juni til og med 9.august.

Her kan du få kaffe, noe sött, en god prat, tenne et lys, musikk, leke i gymsal og annet.

Velkommen!

Hvordan har du det...  
**EGENTLIG?**

Krisetelefon 22 40 00 40  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)

**Kirkens SOS**  
ET Menneske Å SNAKKE MED  
NAR LIVET ER SOM VERST

- Å lytte til en som trenger det er noe av det mest meningsfulle du kan gjøre.

**Bli frivillig!**

Ta kontakt for info om nye kurs  
Les mer: [kirkens-sos.no/frivillig](http://kirkens-sos.no/frivillig)

KIRKEN SOS ROGALAND

# Mål 2: **UTRYDDE SULT**

Ett av ni mennesker er underernært. Hvem er de? Hvilke ansikter skjuler seg bak statistikken? De finnes over hele verden, men de fleste bor i Asia, Afrika og Latin-Amerika, og det er flere kvinner enn menn.

At en person er underernært, betyr at hun eller han ikke får oppfylt de daglige minimumsbehovene for næring i et år. Antallet underernærte har økt i perioden 2014 til 2017. FNs matvareprogram peker på klimaendringer og væpnede konflikter som to av årsakene til økningen. Når regnet uteblir år etter år og folk mister både avlinger og husdyr, er det et skremmende eksempel på hvordan klimakrisen rammer. Når sivile i konfliktområder ikke får tak i mat, viser det hvor brutale krigers skjulte konsekvenser kan være. Dette illustrerer hvordan de ulike bærekraftsmålene henger sammen.

Sult henger også tett sammen med fattigdom, og for å løse sultproblemet må vi bekjempe fattigdom. Videre trengs det målrettet innsats for et bærekraftig landbruk. FN-organisasjoner og andre internasjonale aktører kan hjelpe utviklingsland å videreutvikle landbruket sitt på en måte som er bærekraftig, og som motvirker sult. Klarer vi å forbedre levekårene for småbønder og landløse arbeidere i jordbruket, og sikre flere kvinner tilgang til såkorn, fôr, gjødsel, redskaper og teknologi, har vi kommet et godt stykke på vei.

**FNs bærekraftsmål i lys av kristen tro**



## Teologisk refleksjon

«Gi oss i dag vårt daglige brød», heter det i bønnen Jesus lærte disiplene å be (Matteus 6,11). Troen på Gud og tilliten til Guds omsorg gjelder hverdagen og dens grunnleggende behov. Får vi ikke daglig den næringen vi trenger, vil vi miste livskraften og bukke under. Det var en virkelighet Jesus kjente godt fra sin egen samtid, på samme måte som den rammer millioner uskyldige og forårsaker lidelse og død i vår tid.

«Vårt daglige brød» er det vi trenger hver dag, med en påminning om at nok er nok. Vi behøver ikke hamstre, og vi skal ikke legge oss til forbruksvaner som belaster naturen og fellesskapet unødig.

Jesus lærer oss å be i flertall, i solidaritet med alle som sulter. Vi skal ikke bare være opptatt av å tilfredsstille egne behov, men kjempe – i bønn og arbeid – for en verden hvor alle får den maten de trenger. «Dere skal gi dem mat!» sa Jesus til disiplene da mange tusener var uten mat i ødemarken.

På underfullt vis ble knappe ressurser forvandlet til nok mat for alle. En del av underet var at fisken og brødene ble likt fordelt til alle. Slik ble matmangel snudd til overflod (Matteus 14,15-21).



# Di stemme tel i kyrkjevalet

**Er du ein av dei 3,5 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover.**

Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav.

## Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved kyrkjevalet 10.-11. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Nytt av året er at du kan førehandsstemme digitalt. Det gjer du på kyrkjevalet.no frå 10. august til og med 6. september. Du kan også førehandsstemme fysisk fram til 8. september.

## To val

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatar til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Til soknerådsvala i Bokn-, Tysvær-, Førresfjorden- og Nedstrand sokn har ein gjeng flotte medlemmer sagt ja til å vere kandidatar til sokneråda og leie kyrkjelydane dei fire neste åra. I soknerådet stemmer du på enkeltpersonar. Du

har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

I val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet er du med på å bestemme kven som utgjer bispedømmerådet. Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen.

Medlemmene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkja.

Når du stemmer i bispedømerådsvala er du dermed også med på å avgjere kven som utgjer Kyrkjemøtet. I dette valet stemmer du på ei liste. Listene legg vekt på ulike saker dei vil arbeide for i kyrkja. I Stavanger bispedømme stiller Bønnelista, Frimodig kirke, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke lister.

I begge vala er det høve til å gjøre endringar på listene, til dømes å gje personstemme til enkelte kandidatar. Kva for endringar det gjeld, og korleis endringane påverkar valresultatet, kan du lese meir om på kyrkjevalet.no.

Les meir om kandidatane til begge vala i neste nummer av kyrkjetonar. Presentasjonane vert også lagt ut på [www.tysvaerkirken.no](http://www.tysvaerkirken.no) eller på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

**Godt val!**

tekst: kyrkjevalet.no/ illustrasjon: try



## Vissste du at...

- Ca. 3 millionar nordmenn har rett til å stemme ved kyrkjevalet 10.-11. september.
- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4-10 medlemmer, i tillegg til soknepresten. Medlemmene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal om lag 7000 rådsmedlemmer bli stemde inn i kyrkjevalet 2023.

**Neste nummer kjem i postkassen ca. 1. september.**

**Frist for stoff til nr 3/2023:  
11. august 2023**

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. e-post: [hustoft@hustoft.net](mailto:hustoft@hustoft.net). Mob: 900 26 142

## Stell av gravplasser i Tysvær



Arbeid og Inkludering  
**avdeling Vepro**  
**Tlf: 932 16 679**

# Gjennom livet

## Døypte

### Førre kirke

- 05.03 Truls Steine  
02.04 Viljar Alveskjær Løvås  
02.04 Lukas Stakkestad Nordeide  
02.04 Josefine Duesund  
30.04 Kornelius Lodden  
21.05 Benjamin Berntsen  
Kristiansen  
21.05 Liva Frøyland Nyland

## Vigde

### Førre kirke

- 15.04 Jeanette Stange Nilsen  
og Ingmar Haraldsøy Søvik  
29.04 Kamilla Danielsen  
og Bjørn Olav Bådsvik  
03.06 Charlotte Nodland Hansen  
og Petter Ellingsen

### Aksdal Kirke

- 12.03 Kjell August Matteus  
Eide Halleland  
26.03 Nils Fjeldheim Alfsen  
09.04 Live Hjellset  
23.04 Nora Hjelmervik Dalen  
07.05 Tale Kili Hompland  
07.05 Benjamin Andre  
Torkellsen Stokka

### Tysvær Kyrkje

- 27.05 Guro Jessen  
og Kenneth Austerheim

### Skjoldastrauen Kyrkje:

- 27.05 Karina Bjørnevik  
og Bjørnar Julbø

## Jordfesta

### Førre kirke

- 03.03 Bjarne Henning Førre  
30.03 Turid Bergliot Strand  
02.05 Tor Arne Knutsen  
02.05 Britt Aursland  
12.05 Magne Johan Ramstad  
02.06 Jan Thorbjørnsen

### Aksdal kyrkje

- 14.04 Dagfinn Bredal (Bisatt)

### Bokn kyrkje

- 05.05 Leiv Vatnaland  
30.05 Julius Ognøy

### Tysvær kyrkje

- 07.03 Solveig Johanne Gregersen  
14.03 Bertha Teodora Brekke  
14.03 Astrid Elise Hervik Neverdal  
09.05 Sjur Odland  
23.05 Hilde Alvestad Surnevik  
26.05 Astrid Margrete Eikje  
12.05 Klara Heskja (Bisatt)

### Nedstrand kyrkje

- 04.04 Marit Irene Baustad  
14.04 Tor Arne Lund  
04.05 Margit Kvam  
11.05 Margrete Ruth Skorpe  
17.03 Tore Dahl (Bisatt)  
01.06 Ola Lie

### Skjoldastrauen kyrkje

- 18.04 Ola Anfinn Bådsvik  
30.05 John Henry Thorsen

## Preiketekstane - sommaren 2023

|                   |                                      |               |                                |
|-------------------|--------------------------------------|---------------|--------------------------------|
| Søndag 11. juni   | <b>2. søndag i treenighetstiden</b>  | Matt 3,11-12  | Johannesdåp og dåp med Ånden   |
| Søndag 18. juni   | <b>3. søndag i treenighetstiden</b>  | Luk 14,15-24  | Det store gjestebudet          |
| Lørdag 24. juni   | <b>Sankthansdagen/Jonsok</b>         | Luk 1,5-17    | Løftet om døperens fødsel      |
| Søndag 25. juni   | <b>4. søndag i treenighetstiden</b>  | Mark 10,17-27 | Jesus og den rike mannen       |
| Søndag 2. juli    | <b>5. søndag i treenighetstiden</b>  | Matt 7,15-20  | Falske profeter                |
| Søndag 9. juli    | <b>Aposteldagen</b>                  | Luk 5,1-11    | Peters fiskefangst             |
| Søndag 16. juli   | <b>7. søndag i treenighetstiden</b>  | Luk 15,1-10   | Sauen og sølvmynten            |
| Søndag 23. juli   | <b>8. søndag i treenighetstiden</b>  | Matt 6,19-24  | Det udelte hjertet             |
| Lørdag 29. juli   | <b>Olavsdagen/Olsok</b>              | Joh 12,24-26  | Hvetekornet                    |
| Søndag 30. juli   | <b>9. søndag i treenighetstiden</b>  | Matt 11,28-30 | Jeg vil gi dere hvile          |
| Søndag 6. august  | <b>10. søndag i treenighetstiden</b> | Luk 5,27-32   | Å kalle syndere til omvendelse |
| Søndag 13. august | <b>11. søndag i treenighetstiden</b> | Matt 23,37-39 | Som en høne samler kyllingene  |
| Søndag 20. august | <b>12. søndag i treenighetstiden</b> | Matt 6,24-34  | Vær ikke bekymret for livet    |
| Søndag 27. august | <b>13. søndag i treenighetstiden</b> | Matt 25,14-30 | Talentene                      |
| Søndag 3. sept.   | <b>Vingårdssøndag</b>                | Matt 20,1-16  | Arbeiderne i vingården         |

# Velkommen til kyrkje



## Aksdal kyrkje

- 18. juni kl. 11.00**  
Gudstjeneste
- 16. juli kl. 11.00**  
Gudstjeneste
- 30. juli kl. 11.00**  
Gudstjeneste
- 20. august kl. 11.00**  
Gudstjeneste
- 27. august kl. 11.00**  
Oppstartsgudstjeneste
- 3. september kl. 11.00**  
Høymesse

## Nedstrand kyrkje

- 18. juni kl. 11.00**  
Friluftsgudsteneste på Leiranger
- 2. juli kl. 13.00**  
Gudsteneste
- 23. juli kl. 13.00**  
Gudsteneste
- 13. august kl. 11.00**  
Gudsteneste
- 27. august kl. 11.00**  
Gudsteneste

## Tysvær kyrkje

- 18. juni kl. 11.00**  
Kyrkjelydstur.  
Gudstjeneste på Finnøy
- 25. juni kl. 13.00**  
Gudsteneste
- 23. juli kl. 11.00**  
Gudsteneste
- 13. august kl. 19.00**  
Jazzmesse
- 3. september kl. 11.00**  
Gudsteneste

## Førre kirke

- 2. juli kl. 11.00**  
Gudstjeneste
- 13. august kl. 13.00**  
Gudsteneste

## Skjoldastrauen kyrkje

- 25. juni kl. 11.00**  
Gudsteneste
- 9. juli kl. 13.00**  
Gudsteneste
- 30. juli kl. 13.00**  
Gudsteneste
- 20. august kl. 11.00**  
Gudsteneste

## Bokn kyrkje

- 11. juni kl. 11.00**  
Gudsteneste
- 18. juni kl. 11.00**  
Kyrkjelydstur.  
Gudstjeneste på Finnøy
- 9. juli kl. 11.00**  
Gudsteneste
- 6. august kl. 11.00**  
Gudsteneste
- 27. august kl. 11.00**  
Gudsteneste med  
konfirmantpresentasjoner.  
50- og 60-års konfirmantar blir  
invitert.